

Årsmelding 2020 for Eldrerådet

I 2020 har eldrerådet og rådet for personar med funksjonsnedsetting hatt fellesmøte der administrasjonen har delteke og informert i kvart møte. Råda ha vore samla i plenum på føremiddagen og hatt møte kvar for seg etterpå, med kvar sin sekretær. Råda har hatt kvar si sakliste og protokoll, men informasjon, referat- og drøftingssaker har hatt felles innleiande del.

Informasjonssaker frå rådmannen:

Større saker som det har vore løpande informasjon om gjennom heile året:

- Koronasituasjonen i kommunen
- Status i pleie og omsorg. Tilbodet på dei tre omsorgssentera og Grandmo busenter. Evaluering av omstillings- og utviklingsarbeidet i tenesta. Ansvarlege på fleire nivå har informert om tenestetilbodet.
- Leve heile livet.
- Helsetenesta.
- Ambulansetenesta.
- Arbeid med legevaktsamarbeid.
- Arbeidet og framdrifta med byggeprosjekt Grandmo busenter.

Andre orienteringssaker frå rådmannen:

- Årsrapport, rekneskap, budsjettarbeid, eigedomsskatt, kommuneplanen, ulike regulerings- og kommuneplanar.
- Miljøvaktmeistertenesta
- Friskus – verktøy for felles aktivitetsskalender og frivillige oppdrag.
- Handlingsplan mot barnefattigdom
- Handlingsplan mot vald i nære relasjonar
- Folkehelse – grunnlagsdokument
- Parkeringstilhøve i Gaupne og i Luster ved gravplassen
- Tilskot til vedlikehald av private vegar
- Terapibasseng Hafslo omsorgssenter
- Forskrifter: adresseforskrift, motorfartøy Hafslovatnet, godtgjersleforskrift folkevalde.
- Universell utforming – tilgjenge
- Komfyrvakt i kommunale bustader
- Vaksenopplæringa
- Prosjektet Aktiv alderdom
- Velferdsteknologi og digitalisering
- Skysstilbod

Frisklivssentralen har møtt og informert om arbeidet og korleis ein blir brukar av tenestene.

Eldrerådet gjev gode tilbakemeldingar på informasjonen og drøftingar med administrasjonen. Eldrerådet har gjeve sine innspel og råd til rådmannen og politiske organ i aktuelle saker.

Eldrerådet

Medlemer:

Johannes Lad, Marifjøra, leiar

Kristoffer Skjolden, Gaupne, nestleiar

Liv Helen Nystuen, Gaupne

Kjartan Kvien, Skjolden

Bjørg Marit Solheim, Hafslø

Torvald Bakken, Gaupne

Astrid Martinsen, Luster

Varamedlemer i rekkefølge:

Sigfred Haugen, Solvorn

Astrid Hansen, Luster

Arne Bondevik, Høyheimsvik

Mary Aasen, Jostedal

Observatør frå kommunestyret:

Ordførar Ivar Kvalen

Personleg varamedlem:

Varaordførar Marit Aakre Tennø

Sekretær: Anita Bjørk Ruud

Rådet har i 2020 hatt 7 møte og 29 saker på saklista.

Alle møta har vore felles med rådet for personar med funksjonsnedsetting.

Leiar i Luster pensjonistlag, Malvin Moen, har vore invitert til møta i råda for å få informasjon med attende til pensjonistlaget. Eldrerådet ser det som nyttig samhandling med pensjonistlaget. Moen har ikkje delteke på alle møta.

Eldrerådet har særleg engasjert seg i desse sakene i 2020

Planar som eldrerådet har gjeve uttale til:

Kommunal planstrategi: Ingen merknader.

Ruspolitisk handlingsplan: Ingen merknader.

Områderegulering Hafslø sentrum: Innspel om at det bør planleggast for sentrumsnære livsløpsbustader over eitt plan, møteplassar for alle aldersgrupper, trygge tilhøve for mjuke trafikantar. Eldrerådet føreset også at det blir teke høgde for universell utforming.

Legevaktordninga; eldrerådet tilrår at noverande ordning blir vidareført.

Ambulansetenesta; eldrerådet oppmoda om at flåtestyring må nyttast slik at ledig bil i Sogndal blir sendt til Luster når døgnambulansen frå Luster er på oppdrag.

Tannhelseteneste. Retten til gratis tannhelseteneste er lite kjent. Eldrerådet har oppmoda om betre informasjon om ordninga. Det er kome på heimesida og i Lustranytt.

Digital kommunikasjon. Eldrerådet vil følgje med på korleis eldre opplever kommunikasjonen frå det offentlege. Dei som ikkje ynskjer å vere digital brukar, må reservere seg i kontakt- og reservasjonsregisteret. Mange tenester blir etter kvart tilgjengeleg kun digitalt. Eldrerådet har peika på behovet for digital opplæring og digital hjelp til eldre. Eldrerådet har kontakta fylkeskommunen fordi det er mange som ikkje klarar å tinge digital bussbillett og meldt inn ynskje om forenkling i billettsystem slik at det går an å kjøpe gjennomgåande billett.

Den kulturelle spaserstokken. Eldrerådet fekk eigen informasjon om ordninga, og er kjende med å kontakte Folkeakademiet ved ynskje om underholdning.

Avgiftsnivået i Simas. Eldrerådet er opptekne av avgiftene. Dei fekk informasjon om den nye gebyrmodellen som skal vere meir rettferdig, slik at det er brukar som skal betale. Det er ikkje tillate å drive sosial utjamning via avgiftssystemet. Simas har tilbode mindre dunk som eit tilbod.

Transporttilbod. Dette er ei sak som i alle år har engasjert eldrerådet. Råda fekk eigen informasjon om skysstilbodet for eldre og deltok i kartlegging av behov for eit eventuelt nytt transporttilbod i kommunen.

Heimebesøk, førebyggjande arbeid. Råda fekk eigen informasjon om ny tilsett som skal jobbe med dette tenestetilbodet. Eldrerådet har meldt at dei ynskjer å få eigen informasjon litt ut på nyåret 2021.

Tilskot til private vegar. Dette er ei sak som eldrerådet har fulgt opp kvart år med innspel i budsjettsaka. I løpet av 2020 har administrasjonen informert om regelverket. Eldrerådet oppmoda kommunestyret om å auke budsjettsum for tilskot til private vegar for å oppretthalde busetnaden i alle deler av kommunen. Eldrerådet har fått tilbakemelding om at ordninga i 2021 blir som tidlegare år. Då det er lenge sidan ein har sett på retningslinene for ordninga vil det vere aktuelt å sjå på desse og då opp mot økonomisk løyving.

Brannberedskap. Eldrerådet har tidlegare fått informasjon og råd om førebyggjande arbeide i brannvernet. I 2020 var det nyttig informasjon om installering av komfyrvakter i kommunale utleigebustader. Eldrerådet er opptekne av brannberedskapen og utrykningstider og har bede om informasjon om dette i 2021.

Velferdsteknologi: Eldrerådet er godt nøgd med Luster kommune sitt arbeid for velferdsteknologi. Kristoffer Skjolden oppnemnd som brukarrepresentant i kommunen sitt arbeid.

Regionmøte. Det var eldrerådet i Luster sin tur å arrangere regionmøte for alle eldreråda. På grunn av koronasituasjonen vart dette utsett.

Eldredagen. Luster si markering av eldredagen vart avlyst på grunn av smittevernomsyn.

Eldrerådet deltok på 2 digitale samlingar som fylkeskommunen arrangerte for alle eldreråda og råda for personar med funksjonsnedsetting. Tilbodet vart nyttig og godt

imotteke av eldrerådet.

Elles informerer Pensjonistlaget v/leiar om saker dei er engasjerte i.
Eldrerådsrepresentant Kristoffer Skjolden informert om saker fylkeseldrerådet
handsamar.